



Nordfjord vassområde

Arbeidsutvalet for vassområde Nordfjord
I følge mottakarliste, nedanfor

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
13/14224

Dato

25.11.2013

Møte Arbeidsutvalet Vassområde Nordfjord 21.11.2013

Møtet fann stad på Nordfjord Hotell, Nordfjordeid, 21.11.2013 kl 9.30 – 12.00.

Desse møtte:

Solfrid Trå, Jølster kommune
Kristian Nave, Selje kommune
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune
Stanislawa Voldsund, Eid kommune
Kristine Dahl, Gloppen kommune
Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Forfall:

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Sak 18-2013 Orienteringar

Prosjektleiar har halde innlegg på møte i Førde 15.11.2013 med lag tilknytt Forum for Natur og Friluftsliv.

Møte for administrasjon i arbeidsutvalet for vassregionutvalet 20.11.2013 om tiltaksanalyse, overvåkingsprogram og prosessen vidare med utarbeiding og handsaming av tiltaksprogram og forvaltningsplan.

Undersøking av fisk og botndyr i Hildeelva, som var tinga med Norsk Institutt for Vannforskning (NIVA) for gjennomføring hausten 2013, vart likevel ikkje utført, grunna kapasitetsmangel hos oppdragstakar. NIVA tilbyr å utføre oppdraget i 2014. Prosjektleiar tar ei avgjerd i samråd med Stryn kommune.

Konsulenthjelp til analysar av tilførsel frå landbruk og spredte avløp (jf sak 16-2013). Prosjektleiari har vore i kontakt med Søre Sunnmøre Vassområde og Asplan Viak, for å bli orientert om tilsvarande oppdrag. Det oppdraget omfatta i tillegg utgreiing av tiltak for angjeldande vassdrag. Konklusjonen er at eit tilsvarande oppdrag i Nordfjord vassområde vert utsett til 2014, evt spelt inn som tiltak i tiltaksanalysen.

Sak 19-2013 Tiltaksanalyse

Innhald og utforming av tiltakstabell vart diskutert. For å gjere tabellen tilgjengeleg for lag, organisasjonar og enkeltpersonar med liten bakgrunn innan vassforskriftarbeidet, må ein ha med ordforklaringar (eks moderat tilstand, ukjent grad, kjemisk tilstand) og/eller bruke sjølvforklarande omgrep (eks «Jordbruk» i staden for «Annen landbrukskilde»).

Tidsplan for prosessen fram til oversending av Tiltaksanalysen til Fylkeskommunen (Vassregionmynde):

- November/desember (månadsskiftet): Legge ut førebels utgåve av Tiltaksanalyse på lokal høyring i Nordfjord (Vassområdeutvalet, lokal referansegruppe, annonsering i lokalaviser og kommunane sine heimesider)
- Desember-januar Målsetting om høyringsmøter i kommunane Eid, Selje, Vågsøy, Gloppen og Jølster. (Stryn, Hornindal og Bremanger er tilgodesett med synfaringar og møte tidlegare i 2013.)
- 10. januar – høyringsfrist
- 22.januar – Møte i Vassområdeutvalet, godkjenning av tiltaksanalysen
- februar – oversending til Vassregionstyresmakten (Fylkeskommunen)

Staffan Hjohlman
Ref.

Mottakarar:
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune
Stanislawa Voldsund, Eid kommune
Kristine Dahl, Gloppen kommune
Kristian Nave, Selje kommune
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune
Solfrid Trå, Jølster kommune

Kopi til:

Nordfjord Vassområdeutval
med vararepresentantar